



## INFO om oppfølging av nasjonale råd og tiltak 3.12

*Regjeringa har innført nye nasjonale råd og reglar gjeldande frå [3.12](#).*

*Stad kommune har ingen spesielle restriksjonar utover dette, men må gjere lokale vurderingar og risikovurderingar på kvar enkelt arbeidsplass og i kvar enkelt situasjon.*

**Bruk av heimekontor:** Dei nasjonale råda anbefaler bruk av heimekontor der dette er mogeleg. Bruk av heimekontor i Stad kommune må avklarast med næraste leiar i tråd med tidlegare praksis.

**Gjennomføring av møte:** Møte med kollegaer kan avviklast dersom det er mogleg å halde ein meter avstand. Om dette ikkje lét seg gjere, vurder andre eigna møteplassar eller Teams-møte.

**Sosiale samlingar:** På arbeidsplassen held vi ein meters avstand også ved sosialt samvær. Julebord og andre sosiale samlingar som vert arrangert på serveringsstadar eller andre lokale utanom arbeidsplassen, kan gjennomførast i samsvar med gjeldande nasjonale råd og reglar.

Tenk gjennom om det er tilrådeleg å gjennomføre arrangementet. Vurder lokalet, tal personar og konsekvensar ved ev. smitte.

Leiinga oppmodar om å legge til rette for at planlagde sosiale samankomstar kan gjennomførast, men at ein vurderer om samlingar med potensiell høg risiko kan utsetjast.

### Generelt:

- *Kjenner du symptom på sjukdom, bli heime, unngå kontakt med andre og test deg! Info om testing og prøvesvar finn du på <https://stad.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/legeteneste/informasjon-korona/testing-og-provesvar/>*
- *Reduser tal nærkontakter*

**Vi håper på ei god fjørjulstid for alle!**

**– Har du har spørsmål, ta kontakt med næraste leiar**

